

Kvar eg går

**Kvar eg går i skogar, berg og dalar,
fylgjer meg ein ven med kjærleg røyst.
Han usynleg er, men til meg talar
titt åtvaring, oftast trøyst.**

**Han, den hyrding god som for oss døde,
men som lever gjennom æva all.
:/: Sine lam han fylgja vil og føde,
verja dei for stup og fall :/:**

**Alt som me på ferda kan behøva,
alt me treng, så vel han kjenner til.**

**Jagar alt som hjarta kan bedrøva,
frå all nød han alltid trøysta vil.**

**Om han synest borte, vennen kjære,
sjølv han seier: - Om ei lita stund.**

**:/: Om ei stund igjen eg er deg nære,
gjer deg glad i hjartegrunn :/:**

**Berre du, Oppstadne, kan meg frelsa,
berre du er med kvar helst eg går!**

**Dine sår gir lækjedom og helsa,
styrk mi tru til deg, - og heim eg nå.
Lat meg eingong sovna i din kjærleik,
vakna kledd i kvite himmelskrud.**

**:/: Frelst og salig ropa i din nærleik:
Å, min Herre og min Gud! :/:**

Melodi: Ahnfelts Sånger, 1868

Tekst: C.O.Rosenius

Til norsk ved Anders Hovden 1927